

Referat årsmøtet i Hordaland Sau og Geit 2015 20. & 21. februar 2015

Solstrand Hotel & Bad

Fagdelen og den sosiale delen tok til fredag ettermiddag med innlegg av Fylkesmannen i Hordaland, Lars Sponheim med tittel:

Kan vi forenkla jordbruksavtalen? Sponheim tok oss med på ei lang reise som sauebonde og den utviklinga som har vært i næringa.

Han snakka om det arbeidet som blir diskutert i Regjeringsutvalet som er sett ned for å sjå på fordelingar og forenklingar. Sponheim er leiari i dette utvalet.

Sponheim kunne ikkje gå i detaljer på kva utvalet ville komma fram til, men Sponheim avslutta med denne kommentaren: " **Sauanæringa har ei lys framtid!**"

Marion Solheim, framtidens bonde, kommunikasjonsrådgjevar ved UiB, var HSG neste gjest. Marion Solheim er sterkt engasjert i landbruket og er sjølv odelsjenta.

Sjå Marion Solheim sitt innlegg på heimesida til HSG: : <http://www.nsg.no/hordaland/>

Årsmøtemiddagen:

Som vanleg er det årsmøtemiddag med lammekjøtt på menyen.

Johannes H. Sekse er ein god «kar» og leda oss gjennom festmiddagen.

- Markering av beste verane i Hordaland (sjå årsmeldinga)
- Utdeling av premier for beste medlemsvervarene.
Hordaland hadde dei 3 beste vervarane i heile landet i 2014! Bjarne Berge, Ivar Turøy og Tore Atle Sørheim. Gratulera!

Sak 01: Opning av møtet:

John Karsten Raunholm: Velkommen til Fylkesårsmøte i Hordaland Sau og Geit!

Raunholm opna møtet og fortalde litt frå kvelden før.

Han siterte og innlegget som Fylkesmannen i Hordaland, Lars Sponheim heldt fredagskvelden " Sauenæringa har ei lys framtid!"

Leiars tale:

Nils Inge Hitland takka Johannes Sekse som tok på seg å leia årsmøtemiddagen på kort varsel, noko han greidde fint.

Vidare var han innom Ny Giv, kvaliteten på lammeslaktet frå Hordaland, det gode arbeidet som blir gjort ute i lokallaga og arbeidet som blir gjort i forhold til medlemsvervinga.

Hordaland har for 2014 dei 3 beste vervarane!

Sjå leiars tale til årsmøte på HSG heimeside: : <http://www.nsg.no/hordaland/>

Sak 02: Namneopprop:

Desse laga møtte ikkje: Mauranger, Modalen og Øygarden.

43 stemmeberettiga til årsmelding & rekneskap. 48 med stemmeberettiga til andre årsmøtesaker.

Sak 03: Godkjenning av innkalling og sakliste:

Godkjent med merknad: Ole Andreas Våge ber om at årsmeldinga kjem tidlegare.

Årsmeldinga var på netti torsdag kl. 13.00. Nils Inge beklaga dette.

Sak 04: Val av 2 personar til å skriva under møteboka:

Valt: Ivar Turøy og Gjermund Seim. I tillegg ordstyrar i årsmøte.

Sak 05: Årsmelding:

Årsmeldinga for 2014 blei lagt fram for Årsmøte med desse kommentarane:

Møteleiaren, John Karsten Raunholm skrytte av innhaldet.

Nils Inge Hitland tok for seg arbeidet i fylkeslaget. Oppmoda fleire lokallag til å vera meir aktive, laga heimesida i lokallaga. Web sida i fylkeslaget har fått mange treff og fått fantastisk god hjelp i frå Svanhild Aksnes og lagt ut stoff i høve Ny Giv.

John Karsten Raunholm: Barn og unge er gull verdt med tanke på rekruttering.

Kåringsdommarane som fekk heder & æra og blom i fjor har komme med tilbakemelding med at dei sette stor pris på det.

Apotekaravtalen må bli meir kjent og brukt.

John Karsten Raunholm: Utnytt konkuransen, gå til lokalapoteket og sei kva andre apotek gjer.

Nils Inge Hitland: Det slår beina under vår avtale.

John Karsten Raunholm: Ser problemet men sauebønder må nytta alle «tilbod» me kan få.

Tore Atle Sørheim: Me kan ikkje gje slepp på våre gamle avtalar.

Bjarne Berge: Me har berre eit apotek i Kvinnherad og hvis me i lokallaga kan få betre avtale så må me gjera det. Me har og avtale med Felleskjøpet om gjerdemateriell.

Nils Inge Hitland: Ok der det ikkje er andre apotek men me får ei utfordring hvis dei apoteka som me har avtale med får nyss i det. Me må tenkje kva apotek det er flest stader i fylket og me må opptre samla. Fylkeslaga tek det opp att.

Ny Giv prosjektet. Reidar Kallestad gjekk gjennom det. Tidlegare møtte styringsgruppa og arbeidsgruppa kvar for seg, men no i seinare tid har dei hatt felles møte. Har gjennomført alt som har vore planlagt. Lokallaga har stilt godt opp. Det ein jobbar med i fylkesstyret samkøyrer me med NY Giv, kanskje det har gått ut over arbeidet i HSG? Kva gjer me vidare, kva vil de? Prosjektet er ferdig i 2015 og det kan oppstå eit vakum etterpå. Kurs i bruk av Sauekontrollen var ein suksess.

Bjarne Berge : Viktig å fortsetja, viktig for lokallaga, også økonomisk.

Siren Bryn : Må fortsetja . Mykje meir positivt no.

Ole Andreas Våge: Heilt einige med desse, dette bør fortsetja.

Avlsarbeidet på sau v/ Tore Atle Sørheim: Gjekk gjennom det som stod i årsmeldinga . Han sa også at mange vraka lam går utover økonomien i avlsutvalet. Hadde dei tatt betaling for alle lamma hadde det vorte 10000 ekstra. 220 verer vart granska.

Johannes Sekse: Dårlegare økonomi etter at fleire lag har gått saman. Har fått ei stor husleiga.

Nils Inge Hitland: Tenk gjennom dette til hausten, vereringane blir invitert, korleis organisera dei ulike laga karinga?

Tore Atle Sørheim: Laga kan senda inn e-post om ynskje for kåringsdag,

Gjetarhund arbeidet v/ Audun Seilen: Gjekk gjennom det som stod i årsmeldinga. Nemnte og at det var ein familie på Varaldsøy som har fått hjelp i Ny Giv Prosjektet med gjetarhund. Nå har dei kjøpt kvelp og blir følgt opp i trening med den. NRK Super lagar og sender 2 program her frå. Oppfordrar alle lokallag til å driva med gjetarhundarbeid. Viktigaste aktiviteten i gjetarhundarbeidet skjer i lokalmiljøet. Og alle som har hund bør prøva å få minimumskravet. Kanskje ein skal ha dei ulike pris utdelingane på årsmøte i HSG? Vil ha kontakt med alle lokallag, Den noverande heimesida blir lagd ned og kjem ny under paraplyen til NSG. Alle som vil laga til ein prøve tek kontakt med gjetarhundnemnda.

Beitautvalget v/ Ole Johan Eidsnes: Gjekk gjennom det som stod i årsmeldinga. Dei som har ledige beite i fjellet kan senda inn melding til fylkesmannen. Ligg ei liste der. Berre 750 av 1300 søkte om beitetilskot.

Tore Atle Sørheim: Har fått beskjed om at tilskotet skal gå til dei som beiter i fjellet.

Edvard Grindheim: Fylkesmannen har sendt beskjed om tilbaketrekking av midlar pga. dyra beiter på utmark og ikkje fjellbeite.

Audun Seilen: Er det nok at beitelag organisera seg som foreining eller må det vera SA ?

Lokallag med medlemstal: Fortsetja vervinga, fin auke dette året og! Hordaland ligg på toppen når det gjeld beste vervar. Ta kontakt med Austevoll prøv og få til eit lokallag der.

Mi side: Innlogging med medlems nr og passord, kvar enkelt kan gå inn på seg sjølv, dei som har tillitsverv i lokallag og fylkeslag får tilgang til medlemmane sine. For å få passord må NSG få e-post adressa fyrst. Ikkje misbruk tilliten ved å bruka opplysningane feil.

Edvard Grindheim: Kan dei i lokallaget endra opplysningar?

Magnar Stien: Kor mykje tilgang har dei enkelte i styret.

Pål Kjørstad: Informerte om bruk av sida.

Faktur til Island:

Nils Inge Hitland: Informerte om turen.

Magnar Stien: Kan denne turen gjennomførast på nytt?

Geit i vekst: Nils Inge Hitland: Er imponert over god rapport og glad at HSG har støtta dette økonomisk. Heile rapporten ligg på heimesida.

Rovvilt v/ Ole Johan Eidsnes: Gjekk gjennom det som sto i årsmeldinga. Det er komme førespørsel til viltnemnda i kommunane om fellingsløyve. Ein bør pirka litt borti dei viltnemndene som ikkje er i gang.

Edvard Grindheim: Det er noko på gang.

Bjarne Berge: I Kvinnherad er det auke på rådyr. Gaupa følg med den!

Reidar Kallestad: Me er heldige her i Hordaland, det er praktisk talt ikkje rovdyr, berre streifdyr. Ein må vera forberedt på at me kan få og me veit ikkje korleis me vil reagera hvis smellen kjem, ha det i bakhovudet.

Skulle ein finna døde sauer på sommarbeite, ta bilde for sikring av bevis.

Nils Inge Hitland: Viktig å dokumentera alle tegn, spor, avføring og observasjonar.

Julebord: Dette er blitt et populært tiltak med mange deltagarar.

Vedtak: Godkjent

Sak 06: Rekneskap:

Rekneskapen for 2014 blei lagt frå av Nils Inge Hitland med eit underskot på kr. 58.012.-.

Vedtak: Godkjent

Sak 07: Val av leiar:

- Leiar for 1 år: Nils Inge Hitland: valt med 38 stemmer. 2 blanke.

Sak 08: Val av 2 styremedlemmer for 2 år:

- Knut Syggestveit: Valt 37 stemmer. 1 blank.
- Kjetil Rødland: Valt 37 stemmer. 1 blank.

Sak 9: Val av nestleiar:

- Reidar Kallestad, valt med akklamasjon.

Sak 10: Val av varamedlemmer til styret:

- 1. vara Olav H: Bring
- 2. vara Stein Olav Hegland
- 3. vara Ola Steinsland

Alle valt med akklamasjon

Sak 11: Val av møteleiar til årsmøte 2016 med vara:

- John Karsten Raunholm, ordstyrar 2016. Valt ved akklamasjon.
- Audun Seilen, varaordstyrar for årsmøte 2016. Valt ved akklamasjon.

Sak 12: Godtgjersle til leiar og styremedlemmer:**Vedtak:**

Godtgjersle leiar og styremedlemmer uendra.

Andre godtgjersler vidareførast.

Timesats for telefonmøte: Kr. 200.- pr. påbegynt time.

Godkjent**Sak 13: Val av valnemnd for årsmøte 2016:**

- Region 3: Lars Mæle, vara Trond Nilsen.
- Region 5: Steinar Steine, vara Lars Norheim.
- Region 6: Kyrre Manger, vara Inga Rørlien.
- Region 7: Anita Jordalen, vara Ivar Haug.
- Leiar i valnemnda 2016: Steinar Steine.
- Nestleiar valnemnda 2016: Anita Jordalen.

Alle valt med akklamasjon

Sak 14: Val av utsendingar landsmøteutsendingar:**Vedtak:**

Det er sendt inn søknad til NSG om HSG kan stilla med 6 utsendingar grunna usemje på medlemstalet i HSG. Bli svaret ja, rykker alle vara opp ein plass.

- Nils Inge Hitland
- Reidar Kallestad
- Arnt Bakke
- Kjetil Rødland
- Knut Syggestveit
-

- 1. vara: Tore Atle Sørheim
- 2. vara: Audun Seilen
- 3. vara: Anita Jordalen
- 4. vara: John Karsten Raunholm
- 5. vara: Ivar Haug
- 6. vara: Siren Bryn

Alle valt med akklamasjon

Sak 15: Innkomne saker:

Vedtak: Ingen innkomne saker.

Sak 16 Arbeidsplan for 2015:

Reidar Kallestad gjekk gjennom arbeidsplan for 2015 for godkjenning.

Sjå arbeidsplan på HSG sin heimeside: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Vedtak: Godkjent

Sak 17: Budsjett for 2015

Budsjett for 2015 blei lagt fram for årsmøte.

Ole Andreas Våge: Pengar på budsjett for Ny Giv?

Nils Inge Hitland: Er ikkje behov med løyving frå HSG då det er gode løyvingar frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen i Hordaland.

Sjå plan budsjett 2015 på HSG sin heimeside: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Vedtak: Godkjent

Gjester:

Frode Handeland: Gjest frå Hordaland Bondelag takka for eit svært godt Årsmøte og det gode samarbeidet som er mellom faglaga.

Avslutning:

Nils Inge Hitland takkar for ny tillit og eit aktivt og godt Årsmøte!

Faginnlegg:

Pål Kjørstad sauebonde frå Oppland og medlem i Styret til NSG var invitert til årsmøte i HSG. Han haldt eit glimrande innlegg om rovdyr og rovdyr situasjonen i Norge. Sjå innlegget på heimesida.: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Ove Holmås tok for seg lagslovene og endringane.

Ove Holmås innleia til diskusjon om forslag til endring i lagslova.

Nils Inge: Ser ikkje vitsen i at fylkeslaget skal ha oversikt over alle arbeidsplanar og protokollar, men rapportskjema over kven som sit i styra er viktig å senda inn, også til NSG.

Stord Sau og Geit: Har sendt inn merknad at dei ikkje ynskjer at antall på utsendingar til årsmøte blir endra. Handlar om økonomien, 4 får ikkje meir med seg enn 2. Blir vanskeleg med å finna hotell til så mange òg.

Audun Seilen: Må unngå at det må vera fleire med hovudmedlemskap på same bruk for og t. d. stille med gjetarhund. Dette vil vera negativt for rekrutteringa.

Alf Angelsgård: Støttar det forslaget til Stord.

John Karsten Raunholm: Når det kjem til æresmedlemskap burde det stå kva som skal betalast, nå står det berre redusert og ikkje fastsett kva kategori det kjem under.

Alf Angelsgård: Det er mykje feil på registrering over antall sau. For mange er komne under 50 sau.

Ole Andreas Våge: I samdrift, kor mange sau har eg?

Mons Kjetil Veve: Mange med få sauer vil ikkje verta med hvis dei må betala meir, men differensiering er heller ikkje bra, eg syns dette er vanskeleg.

Vidar Trengereid: Me må ha differensiert kontigent.

Terje Strandtun: Kan ein gjera endringar på antall dyr grensa? t.d. ned til 25 dyr?

Kjetil Rødland : Kan mista ein del medlemmer, har nett hatt verving og det er ofte dei med små flokkar som ikkje ser nytten i å vera med i eit lag.

Oddvar Lunde: Det er mange små på Tysnes me må ha differensiert.

Edgar Grindheim: Mange er passive og vil ikkje akseptera ein auke i kontingent og desse vil me mista, tvilar på at totalen på innkomen kontingent blir større .

Alf Angelsgård: Trur det er mykje å henta på at det blir registrert rett antall sauer

Avstemming: Stort fleirtall for differensiert kontingent

Komme inn merknad på at det må vera fleire med hovudmedlemskap i ein familie hvis endringa til NSG blir ståande, særleg der dei har gjetarhund blir det dyrt.

Ove Holmås: Hvis ein gjer endring i paragraf § 3 nå ein og gjera endring i paragraf § 6.

Nils Inge Hitland: HSG har føreslått at ein har landsmøte kvart år og heller kutta ut eine repr. møtet.

Ole Andreas Våge: Valperioden på 4 år er for lang, forstår at ein kan få folk til å sitja i 4 år, men er ein ikkje fornøydd med ein, må ein òg venta i 4 år før ein er kvitt eit styremedlem òg.

Pål Kjørstad: Repr. møte skal vera folkemeininga i NSG og det bør ein ta med seg vidare i saka.

Ove Holmås: Det kan bli problem å få folk til å ta attval når dei må binda seg for 4 år etter den fyrste perioden. Repr. møte er viktig for demokratiet, utan får styret for mykje makt.

Martin Haugland: Kontinuitet er viktig, no risikera ein at heile styret går av på ein gong, meiner ein må prøva og ha ein 4 års periode.

Alf Angelsgård: Registrering i Brønnøysund, registeret er viktig, også for å få reg. bankkonto Ikkje gje opp, om ein får skjemaet i retur.

Ola Steinsland: Innkalling til årsmøte i lokallaga, endring til å kalla inn på nettsida, e post eller sms. I staden for i avisa.

Nils Inge Hitland: Det må vera godt nok at dei lokallaga som har planlagt årsmøte og ikkje har hatt det før fylkesårsmøte får koma og ikkje bli utestengde og det er betre å motivera enn å koma med straffetiltak.

Etter ein god diskusjon i Årsmøte blir det gjort endringar på forslaget frå Styret. Ut frå dette, sender HSG forslag til endring i lagsloven til NSG.

Frist: 23. februar 2015.

Ref.

Karluf Håkull

Ordstyrar i Årsmøte
John Karsten Raunholm

Ivar Turøy

Gjermund Seim